

Fagskulen i Vestland, studiestad Måløy				Dok.id.: 1.1.1
KS - systemet				Generelt
Utgave: 9.01	Skrevet av: Inger Vedvik Nygård	Gjelder fra: 16.04.2025	Godkjent av: Lars Berle	Sidenr: 1 av 2

Kvalitetssystemet omfatter:

Fagskulen Vestland Studiestad Måløy

KS-handboka er hovuddokumentet i kvalitetssystemet og er bygd opp som ei kombinert system- og prosedyrehandbok der ein spesifiserer ansvarsforhold, arbeidsmønster og prosedyrar, for å sikre at verksemda føregår i høve til målsetting og regelverk.

Kvalitetssystemet byggjer opphaveleg på m.a. på ISO9001. Men med bakgrunn i krav til den maritime opplæringa frå Sjøfartsdirektoratet og IMO (International Maritime Organization), er skulen sertifisert av Det Norske Veritas etter «Standard DNVGL-ST-0029, Edition june 2017, Maritime training providers» basert på den internasjonale konvensjonen om normer for opplæring, sertifisering og vakthold for sjøfolk (STCW),

Kvalitetssystemet ved skulen beskriv mål og arbeidsmåtar, vedlikehald, revisjon og oppfølging/forbetring og skal gjelde alle prosessar som betyr noko for studiekvaliteten, frå informasjon til aktuelle søkjarar til avslutning av studiet/opplæringa (sjå prosesskart).

Ifølgje NOKUT skal dette gjelde:

- Klargjering av korleis arbeidet med opplærings-/studiekvalitet inngår som ein del av institusjonen sitt strategiske arbeid.
- Institusjonen sine definerte mål i kvalitetsarbeidet.
- Forankring av kvalitetsarbeidet i leiinga på alle nivå i organisasjonen.
- Organisering av kvalitetsarbeidet i rutinar og tiltak som sikrar brei medverknad, med definerte ansvarsforhold og myndighetsfordeling for dei ulike ledd i arbeidet.
- Innhenting og behandling av data og informasjon frå evalueringar som er naudsynt, for å gi tilfredsstillande vurdering av kvaliteten.
- Analyse av informasjon og vurdering av å oppnå måla i kvalitetsarbeidet.
- Bruk av resultat frå kvalitetsarbeidet som grunnlag for slutningar og tiltak, med sikte på å sikre og vidareutvikle studie-/opplæringskvaliteten.
- Klargjering av korleis kvalitetsarbeidet bidreg til ressursstyring og prioritering (menneskjelege ressursar, infrastruktur m.v.).
- Studentar sin aktive medverknad i kvalitetsarbeidet.
- Årleg gjennomgang av kvalitetsarbeidet i leiargruppa.

Dette er innarbeidd i dei ulike kapitla i system- og prosedyrehandboka.

Den kanskje viktigaste delen av KS-systemet er **avvikssystemet**. Formålet med avvikssystemet er å ta systematisk hand om uønska hendingar, situasjonar eller feil/manglar. Avvikssystemet skal hindre at feil eller manglar gjentek seg. Det er eit krav at **alle, både tilsette og studentar** skriv avviksrapport når der er forhold som avvik frå det som er beskrive eller planlagt. På den måten får vi eit system som ivareteke kontinuerleg kvalitetsforbetring.

Kvalitetssystemet er tilgjengeleg for alle brukarar, både tilsette og studentar.
Adressa for lærarar og studentar er: <https://fiv.dkhosting.no/>

Kryssreferanser

[1.4.1](#)

[Standar DNVGL-ST-0029. Edition november 2023](#)

[2.1.5.1.2](#)

[Prosesskart over opplæringsverksemda](#)

[2.1.5.2.1](#)

[Avviksbehandling](#)

Eksterne referanser